



Ekstern barnehagevurdering

Tilbakemelding frå vurderingsteamet



Ekstern barnehage- vurdering VÅREN 2022

**Brakamoen barnehage
SA - Sauda**

Grunnlag for vurderinga

- I arbeidet med barnehagen sitt utviklingsområde er det laga eit framtidsbilde som skal visa korleis det er i barnehagen når alt er optimalt. Vi ser det i forhold til barn, føresette, tilsette og leiinga
- Til framtidsbiletet har ein utarbeidd kriterier og teikn på god praksis
- Denne presentasjonen kan sjåast som ein rapport og gir svar på kor barnehagen står i forhold til
 - Framtidsbiletet knyta til valgt utviklingsområde
 - Dei kriteria/kjenneteikna som er sett opp
 - Føringar i barnehageloven og rammeplanen

A photograph of three young children, two boys and one girl, huddled together under a dark, textured blanket. They are all looking down at a tablet computer held in front of them. The scene is dimly lit, with the primary light source being the screen of the tablet, which casts a soft glow on their faces. The children appear to be engaged and focused on the content on the screen.

Utviklingsområde

Trygt og godt psykososialt miljø



FRAMTIDSBILETE:

Trygge, robuste og sjølvstendige barn som er glade og fornøyde i hverdagen.

KRITERIER

- 1. Personalet i barnehagen praktiserer ei felles forståing av kva eit trygt og godt psykososialt miljø er og kva som fremjar det**
- 2. Barnehagen kjenneteiknast ved at alle barn er trygge og kjenner seg inkludert**
- 3. Barnehagen kjenneteiknast av autoritative vaksne**
- 4. Profesjonsfellesskapet fungerer etter intensjonane i gjeldande styringsdokument (barnehagelova, rammeplan osv.)**



Metodar

- Dokumentasjon
- Samtale med barn, føresette og tilsette
- Samtalar med styrar
- Observasjon over to dagar i ulike situasjonar

Kriterium 1

Personalet i barnehagen praktiserer ei felles forståing av kva eit trygt og godt psykososialt miljø er og kva som fremjar det

- Me har sett vaksne som tek seg tid og er tilgjengelege for barna, spesielt i bringesituasjonen men og i leik og læring.
- Dei tilsette gjennomfører undersøkingar for å kartlegga relasjonar mellom barn-barn og barn-vaksne.
- Me har sett vaksne som anerkjenner og set ord på barna sine kjensler.
- Dei tilsette deler barna inn i grupper for å vera tett på slik at dei lettare kan sjå om alle barn har det trygt og godt.



Kriterium 2

Barnehagen kjenneteiknast ved at alle barn er trygge og kjenner seg inkludert

- Me har inntrykk av at samarbeid med føresette i stor grad er prega av gjensidig openheit, tillit, respekt og god dialog.
- Me har sett barn som deltek aktivt i leik og samspel med andre.
- Me har observert veldig få konflikhtar mellom barn.
- Me har sett døme på at barn tør å stå opp for eigne meiningar og visa kjenslene sine og samtidig respektera andre sine.



Kriterium 3

Barnehagen kjenneteiknast av autoritative vaksne

- Me har sett vaksne som gir barn kjensla av å bli sett og høyrte.
- Me har sett vaksne som møter barn sine kjensler og behov.
- Me har sett vaksne som legg til rette for leik og gode opplevingar.
- Me har sett vaksne som let barna få ta initiativ i eigen leik og aktivitet og få lov til å vera delaktige i daglege gjeremål.
- Me opplever at dei vaksne tek ansvar for relasjonen til barna.




Kriterium 4

Profesjonsfellesskapet fungerer etter intensjonane i gjeldande styringsdokument

- Barnehagen har ein struktur for møteverksemd med personal-, pedagog- og fagarbeidarmøter, samt morgonmøte og medbestemmelsesmøte.
- Barnehagen har utarbeida ein kompetanseutviklingsplan som skal støtta opp om og gi framdrift i utviklingsarbeidet
- Det er prøvd ut gode metodar for å involvera tilsette i faglege og pedagogiske refleksjonar til dømes ved å lesa fagartiklar og sjå filmar som utgangspunkt for refleksjon.





Andre sterke sider vi har sett

- Vaksne som trivst i arbeidet med barna i barnehagen og er stolte over barnehagen sin.
- Ei felles forankring i husmannspedagogikken og frileik og aktivitetar ute.
- Barn me har snakka med seier at dei har vener i barnehagen.
- Barn er opptekne av å hjelpa og gleda kvarandre og vaksne.
- Gode fysiske rammer for leik og aktivitetar ute og inne.



Råd til vidare arbeid

Lovverket

- Bli trygg på innhaldet og bli i stand til å gjennomføra lovverket om trygt og godt psykososialt miljø.
 - Sikra ei felles forståing av kva mobbing, erting og krenking er.
 - Bli tryggare på å bruka Sauda sin handlingsplan for trygt og godt barnehage og skulemiljø.



Råd til vidare arbeid

Rammeplanen

- Bruka Rammeplanen bevisst som grunnlag for planlegging, gjennomføring, vurdering og grunngje den pedagogiske praksisen.
- Bruk aktivitetar og leik til undring, refleksjon og læring saman med borna, ute og inne.
- Definer ei aktiv vaksenrolle inn i framtidsbilde og drøfta og bli samde om korleis denne sjå ut i praksis.



Råd til vidare arbeid

Profesjonsfelleskapet——

- Arbeida med *barnehagebasert kompetanseutvikling* i tråd med nasjonale og lokale føringar.
 - Avklara roller, ansvar og forventningar til leiing av utviklingsarbeidet på alle nivå (styrar og pedagogiske leiarar)
 - Alle tilsette deltek aktivt i faglege refleksjonar for å nå måla i utviklingsarbeidet og støtta opp om barnehagen som lærande organisasjon.
 - Styrka ein anerkjennande og undrande tilbakemeldingskultur.

Vidare prosess:

- Styrar, barnehagerådgjevar og rådgjevar i PPT har eit møte etter påske for å gjennomgå råda frå vurderingsteamet.
- Dei lagar ein plan for korleis barnehagen skal jobba barnehagebasert for å følgja opp råda, samt gjennomføra og evaluera tiltak som vert sett i verk.
- Bli samde om korleis rådgjevarar skal støtta barnehagen i dette arbeidet.

